



Uskedalen tek mål av seg til å bli eit besøksmål i tilknytning til nasjonalparken.

Initiativet til Uskedalen Utvikling for å utvikla Uskedalen til eit av besøksmåla for Folgefonna nasjonalpark er eit steg nærare målet i og med at fylkeskommunen no har løyva 50.000 kroner. Pengane blir henta frå tilskottsmidlane til regional utvikling og dei skal gå til eit forprosjekt.

.. Med forprosjektet vil ein kvalitetssikra og førebu bygda på kva det inneber å vera eit slikt besøksmål. Forprosjektet er berekna til å kosta 100.000 kroner og fylkeskommunen dekkjar altså halvparten.

Prosjektleiaren for Bygdeutviklingsprosjektet Kristian Bringedal opplyser at resten vil bli dekkja av partnarskapsmidlar frå kommunen, eventuelt tilskott frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland og eigeninnsats. Han ser på løyvinga frå fylkeskommunen som eit svært positivt signal.

Forprosjektet vil vera knytt opp til særlege naturfaglege, kulturhistoriske, rekreasjons- og fritidsrelaterte og næringsmessige og utviklingsrelaterte verdiar. I tillegg kjem samanhengen med reiselivssatsing og utvikling av lokalmiljøet og kunnskapsbasar med dokumentasjon av verdiar i og omkring nasjonalparken.

Målsettinga med å gjera Uskedalen til eit besøksmål er å skapa interesse for dei natur- og naturfaglege verdiane som bygda har. Ein vil synleggjera aktivitetar og attraksjonar og gjera sitt til at kunnskap vert formidla til fastbuande og tilreisande.

Dette er dei naturfaglege korta som Uskedalen spelar ut:

- Uskedalselva, god aureelv frå Fjellandsbøvatn til fjorden.
- Dalføret, U-forma med V-forma sidedalar.
- Ulvenåso, rund og skarpkanta med over 20 ulike klatreruter.
- Moreneryggane på Langhaugane nord for Mannsvatnet.
- Skorpo med markerte former frå brear og smeltevatn, jetegryter og skuringar i den mjuke fyltten.
- Hjørtebygda Uskedalen med fellingsløyve på rundt 1.000 dyr årleg.

Her er dei kulturhistoriske argumenta:

- Bygdetunet Rød og bøkkerverkstad.
- Haugland skulemuseum
- Olsen motorsamling, den største traktorsamlinga i landet i privat eige.
- Kapteinsgården, freda embetsmannsbustad frå 1700-talet
- Bautastein, minne frå krigen 1807/1814
- Revolverkanon, krigsminne frå 1940.
- Uskedalen kyrkje frå 1914, teikna av domkyrkjearkitekt Olaf Nordhagen.

Dette er argument på fritidsområdet:

- To godt utbygde båthamnar
- To campingplassar sentralt plassert ved elveosen
- Skilta turveggar i nærområde og skilta turstiar til fjells.
- Skorpo og Skorpefjellet, eit mykje brukt turmål.

Og mellom anna dette har Uskedalen å spela på med omsyn til næring og utvikling:

- Dønhaug Gjestegard med pub og låvedansar, størst i sitt slag på Vestlandet.
- Solheim Turiststasjon, overnatting og selskapslokale
- Friheim Gardsmat, lokal kjøttproduksjon
- Fjellgården Fjellandsbø – gardsturisme.
- Hjønnvåg, fiskematprodusent, har fått fleire matprisar.
- Turisme med attraksjonar, guida turer og opplevingar som bøkkerveldar og bryggjing.

Av Ola Matti Mathisen